

Vekeplan 1.klasse

Veke 33, 14.-15. august



Tips til kva eleven treng på skulen:

- Penalhus må alltid liggje i sekken.
- Sjekk at blyantar er spissa, og at blyant og viskelær alltid er med.
- Niste og flaske med vatn.
- Ta med innesko/gymsko.
- Ta med bytekledde.
- Støvlar og regnklede gjer leiken kjekkare på våte dagar.
- Skulebøker må liggje i sekken. Leseboka ligg alltid i sekken, skrivebøker samlar eg inn når skriftleg lekse er gjort.
- Ikkje gjer fleire sider i bøkene enn det står på lekse.
- Hugs å tinge skulemjølk/jus/anna på skolelyst.no dersom barnet ditt skal ha dette. Det tek ca 10 dagar frå tinging til eleven får første levering.
- Send melding via Visma-app om du har spørsmål om noko.
- Fråvær/sjukdom melder du også i Visma-appen.

Trivselsmål:

Eg tek opp handa og ventar på tur, når eg vil seie noko.



TORSDAG	FREDAG
Velkommen til 1.klasse: -Velkommen ved rektor Norsk: -bokstaven li Ordriket lesebok s. 6-7 Bokstavboka s. 5 (og 4)	Morgensamling Norsk: -bokstaven Ss Ordriket lesebok s. 8-9 Bokstavboka s. 9 (og 8)
Friminutt	Friminutt
Lese ei bok Kroppsøving: -leik og aktivitet i gymsal	Fadderime: Leik ute saman med fadrar i 4.klasse.
Mat	Mat
Friminutt	Friminutt
Matematikk: Multi elevbok side 6 og 7 Frileik inne	Stasjonar: Arbeid med norsk, matematikk og leik på ulike stasjonar. Vi er saman med 2.kl
Slutt: 12.45	Slutt: 12.45



Lekse:

- Ta på boksokk eller bokpapir på leseboka di.** Leseboka må du ta vare på. Den låner du av skulen, og andre elevar skal ha den etter deg.

Til heimen:



Varmt velkommen til Vestbygd skule og 1.klasse! Eg veit at det kan opplevast skummelt å sende sin vesle håpefulle inn i skuleforløpet, men eg vil trygge dykk vaksne på at eleven dykkar får starte i ei lita klasse, på ein liten skule, med trygge og gode vaksne rundt seg, - både i skulesamanheng og på sfo. Vi skal alle gjere vårt til at elevane skal få ha det bra i skuletida.

Skulekvardagen vil gå seg til litt etter litt for elevane. I oppstarten arbeidar vi med at dei alle skal verte trygge i klassen og på skulen. Reglar og rutinar har vi for at alle skal oppleve å ha ein god skulekvardag. Noko vil vera kjent for elevane, andre ting vert heilt nytt.

Elevane har fått eit stort og godt klasserom kor det er rom for både skulearbeid og lek. Elles er vi ute kvar dag, så pass på at eleven har klede etter kva vèr det er.

Eg skal vera med 1.klasse alle timar, utanom ein kroppsøvingstime om tysdagen. Då er klassen sett opp saman med 2.klasse, og Elisabeth G. Hansen har undervisningstimen. Siste time fredag, der vi har stasjonar, skal klassen også vera saman med 2.klasse. Utanom dette vert eg og 1. klasse saman i alle fag. Kanskje vi kan samarbeide i fleire timar etter kvart(musikk, uteskule ol), men no i oppstarten handlar det om å skape tryggleik og gode rutinar.

Kroppsøving blir tredje time tysdag og andre time torsdag. Elevane kan gjerne gå med litt «lausare» klede då, for vi brukar ikkje tid på å skifte klede i garderobe i 1.klasse. Klede til å kunne bevege seg i er topp, og gjerne ei t-skjorte under gensaren, så ein kan ta av seg om ein vert varm. Dei må ha innesko som dei kan springe og bevege seg i. Type crocs og slippers dett lett av i lek, og er IKKJE å anbefala.

Det er viktig at alle laster ned VISMA-skole appen. Her sender ein meldingar på ein trygg måte via heim-skule. Har de spørsmål til lærar/beskjedar som er ok for oss å vete om, er det berre å sende melding i appen. Dersom eleven er sjuk legg du dette inn i appen, og skulen får beskjed om dette.

Elles er det viktig å støtte opp om eleven og prioritere skulearbeidet frå første dag. Elevar som har foreldre som viser interesse for skulearbeidet får betre resultat og vert flinkare i skulearbeidet. Undervurder difor ikkje dykkar eigne bidrag inn i denne nye kvardagen.

Eg gleder meg til å verte betre kjend med våre nye førsteklasingar, og dykk foreldre!

Venleg helsing Jannicke Sandvik



Kontaktinformasjon:

Jannicke: jannicke.sandvik@alver.kommune.no tlf kontor: 56174279

Vestbygd skule: tlf 56174280 <http://www.minskole.no/vestbygd>

Sjuke born: Send melding i Visma app. Send ny melding kvar dag eleven er borte.